

Til stede: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar (han var ikkje med på handsaming av sakene 13 og 14), Thomas Nilssen, Torfinn Hofstad.

Kjellbjørn Karsrud og Ole Erik Feragen – 1.vara deltok via Teams
Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant, John Stenersen under sakene 3 og 4. Solfrid Gjeldokk under sakene 10-12, Sina Myhr under sakene 12-15.

Tid: Fredag 11.02. kl. 09-16.

Stad: Møllergata 39, Oslo.

Referat

Styresak 2022/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2022/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2022/03 Folkelarm 2021 - evaluering

Styresak 2022/04 Folkelarm – strategiske val

Styresak 2022/05 Årsmelding 2021

Styresak 2022/06 Revidert rekneskap 2021

Styresak 2022/07 Revidert budsjett 2022

Styresak 2022/08 Revidert budsjett 2023

Styresak 2022/10 Samanslåing av Hordaland folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag

Styresak 2022/11 Deltaking på årsmøta i områdelaga

Styresak 2022/12 Evaluering AdventFolk

Styresak 2022/13 Fordeling av Dextra-midler til rekrutteringsprosjekt

Styresak 2022/14 Skeivt kulturår

Styresak 2022/15 Tidspunkt for Landskappleiken 2023 Lom

Styresak 2022/16 Eventuelt

Styresak 2022/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2022/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 31.01.2022

- a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Vi har fordelt momskompensasjon til laga.
 - ii. Vi har fordelt Frifond organisasjon.
 - iii. Vi har laga ny samleside på folkorg.no om relevante tilskotsordningar.
 - iv. Vi har informert om Folkemusikken og folkedansens dag 16.juni.
 - v. Kristian Hanto deltok på årsmøtet i Telemarkfestivalen.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleiken:
 1. Vi har hatt møte med hovudnemnda.
 2. Vi har sendt invitasjonar til H.M. Dronning Sonja og politikarar. Statssekretær Odin A. A. Bohmann vil opne Landskappleiken.
 3. Det vil bli Kongepokal både i Durspel og Spel fele.
 - ii. Landsfestivalen i gammaldansmusikk:
 1. Vi har avtalt møte med hovudnemndene både for 2022 og 2024.
 2. Vi har gitt råd til både LF 2022, LF 2023 og LF 2024.
 - iii. Folkelarm:
 1. Vi har sendt rapportar til tilskotsytarar for Folkelarm 2021.
 2. Vi har evaluert Folkelarm 2021, både internt og ved å sende spørjeskjema til artistar og delegatar. Vi held kontakten med delegatane.
 3. Vi har oppnemnt showcasejury for 2022.
 4. Vi har opna for å søke showcase i 2022.
 5. Vi har byrja planlegginga av Folkelarm 2022.
 - iv. INTROfolk
 1. Vi har ikkje byrja arbeidet med INTROfolk enno.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk:
 1. Folkemusikk 1/2022 er i trykken med eit sidetal på 92.
 2. Det blir etter planen Bladslipp på Rauland Internasjonale Vinterfestival i veke 7.
 3. Podkast: redaktøren har ferdigstilt sesong 2 av Folkemusikk's podkast, og vi jobbar no med å selje annonsar til dei seks episodane.
 4. Vi har fått tilskot frå Norsk kulturråd, men den økonomiske situasjonen er krevjande.
 - ii. FolkOrg.no
 1. Nettstaden Folkorg.no blir oppdatert jamleg
 2. Arbeidet med nye nettsider er godt i gang, der sidene til Landskappleiken, Landsfestivalen, Folkelarm og FolkArtist er først i løypa, så kjem folkemusikk.no og folkorg.no.
 3. Vi har oppgradert korona-informasjonen på www.folkorg.no. Relevant informasjon rundt korona er no samla på ei eigenside, med fleire undersider for mellom anna lag, arrangørar og utøvarar. Informasjonen vert oppdatert jamleg, og i takt med gjeldande regelverk, ordningar og anna info.

4. Vi har delteke i møte med Musikkontoret.no
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Saman med Arrangørforum, Norsk musikkråd og NOKU har vi jobba med eit notat om regionale kulturfond. Det er eit initiativ frå Arrangørforum i samband med regionreforma, og har no fått politisk gjennomslag og står i Hurdalsplattforma.
 - ii. Vi har saman med SFF og NU arbeidd politisk med å få finansiering av bachelor i utøvande folkedans på USN, Rauland. Det er gjort i godt samarbeid med instituttleiar Stian Roland og Kristin Ørmen Johnsen, tidlegare leiar av Familie- og kulturkomiteen på Stortinget, no tilsett på USN. Vi har laga eit nytt notat, ein Powerpoint og ein liten dansefilm. Vi har hatt møte med leiar i Utdannings- og forskningskomiteen og med tre representantar frå Telemarksbenken. Det blir fleire møte.
 - iii. Vi har hatt møte med statssekretær Odin A. A. Bohmann, der hovudtema var jubileet vårt i 2023. Vi fekk positive signal om at dei vil stille seg bak ei slik feiring, men fekk klart inntrykk av at vi ikkje får offisiell status som folkemusikkens og folkedansens år.
 - iv. Kulturministeren har arrangert ei rekke opne møte kring konsekvensane av pandemien. Vi har delteke på desse.
 - v. Vi gjer alt vi kan for å halde oss oppdaterte på restriksjonar, tiltak og stimulerings- og kompensasjonsordningar som er relevante for feltet.
 - e. Særskilde satsingar
 - i. Lag og medlemmer
 1. Vi har lyst ut og handsama søknader om rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica.
 2. Har sendt ut informasjon om ny ordning frå Norsk kulturskoleråd til alle Dextra-prosjekt. Har óg prata direkte med fleire av prosjekta.
 3. Har presentert FolkleiarUng-prosjektet på eit møte for alle involverte i Dirigentløftet
 4. Planlegginga av neste samling av FolkLeiarUng er godt i gang.
 5. Arrangert informasjonsmøte saman med NU og Sff om resultatata frå spørjeundersøkinga om trygge organisasjonar.
 6. Vi held på med eit større omstillingsarbeid kring alle nettsidene i FolkOrg. I 2021 vart vi nesten ferdige med nettsidene for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Ressurssida for for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar er ein del av neste trinn i omstillingsarbeidet og vil bli arbeidd med utover i 2022.
 7. Vi held fram med digital lokallagskaffi og har i 2022 gjennomført årets fyrste kaffi.
 - ii. Informasjon, formidling, dokumentasjon
 1. Prosjektleiar for 100-årsjubileet byrja 1.januar og ho er godt i gong med planlegginga. Vi har hatt to møte i jubileumsnemda, hatt møte med Statssekretær Bohmann, møte med Vossa Jazz og Riksscenen.
 2. Informasjonsstrategien er ein del av omstillingsarbeidet for både nettsider, sosiale medier og anna informasjonsarbeid i FolkOrg. Vi arbeider med strategiutvikling kontinuerleg i samband dette.
 3. I løpet av vinteren 2022 skal vi publisere nye nettsider for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Samstundes held vi på med omstilling og oppgradering av nettsidene til Folkemusikk og

FolkOrg. Disse to siste nettsidene er meir omfattande når det gjeld omfang, vi tek sikte på å ha kome langt i dette arbeidet i 2022.

- iii. Folkedans
 1. FolkOrg, NU og Sff planlegg å arrangere folkedansfagleg seminar på Folkelarm. Vi ønsker å samkøyre oss om ulike seminar gjennom året (t.d. jubileumshelga i mai) og droler saman rundt ulike tema som er aktuelle å ta opp.
 2. Vi arbeider aktivt kulturpolitisk for å stø opp om finansieringa av ei bachelorutdanning i utøvande folkedans.
- iv. Utøvarar og arrangørar
 1. Vi har deltatt på Music Norways arrangement: Korleis ser musikkbransjen i framtida ut?
 2. Vi har hatt møte med yrkesutøvarutvalet
- v. Kulturpolitisk arbeid
 1. Vi arbeider om å få på plass regionale kulturfond som har som føremål å gi tilskot til kulturprosjekt der det er samarbeid mellom profesjonell og frivillig kultur. Sjå meir i notat.
 2. Vi arbeider med å få i gang ei treårig satsing på eksport av folkemusikk saman med Music Norway. Vi søker tilskot frå UD og KUD om det.

b) *Førebels rekneskap per 31.12.2021*

c) *Besøke jubilerande heidersmedlem: Knut Hamre blir 70 år 18.mars og Jarnfrid Kjøk blir 75 år 25.mars. Kven frå styret kan besøke deg og gi blommar frå FolkOrg?*

d) *Eventuelt*

Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Kristian Hanto deltok på årsmøtet i Telemarksfestivalen.
- b) Det er viktig å følge opp økonomien til Folkemusikk tett.
- c) Vi spør Tormod Kleiveland om å vitje Knut Hamre når han blir 70 år 18. mars og vi sender blommar til Jarnfrid Kjøk og Camilla Granlien ringer ho.
- d) Knut Myrann takka for blomane han fekk då Kristian Hanto, på vegner av FolkOrg, kom på besøk i høve 90-årsdagen hans.

Styresak 2022/03 Folkelarm 2021 – evaluering

Vedtak: Styret tok evalueringa til vitande med dei merknadene som kom fram i møtet.

Styresak 2022/04 Folkelarm – strategiske val

Vedtak:

- a) Det må framleis marknadsførast både som bransjetreff og festival, men ha eit tydelegare fokus ut at det er ein festival der alle kan komme. Fokuset på publikum skal først og fremst vere på eige miljø, men oppmode dei til å ta med folk utanfrå miljøet.
- b) Det skal vere ein ordinær showcase per artist.
- c) Vi skal ha meir fokus på dansespel, og har eigen søknad på dansespelshowcase. Vinnar av gruppespel på Landsfestivalen for gammaldansmusikk skal framleis få tilbod om showcase.
- d) Artistane skal ha Creo-honorar, og det skal signaliserast ut på førehand.
- e) Vi opnar opp for at vi kan ha andre land enn dei nordiske med, men då som gjesteland. Det er ei føresetnad at dei betalar for å vere det og at det høve for norske artistar å reise til gjestelanda. Gjestelanda må òg ta med seg delegatar frå sitt land til Folkelarm. Vi forsøker først å få Irland som gjesteland. Estland er ei anna moglegheit. Vi opnar opp for gjesteland før vi eventuelt utvidar definisjonen av kva som kan reknast som nordiske land.
- f) Det er trong for å definere musikkprofilen til Folkelarm tydlegare. Vi set ned ei arbeidsgruppe beståande av John Stenersen, Thomas Nilssen og Kjellbjørn Karsrud, som skal lage utkast til revidering av juryinstruksen.
- g) Vi held fram med samarbeidet med Samspill, men vil ha ein tydlegare avsendar for desse artistane.
- h) Vi vil ikkje ha headlinere på Folkelarm, alle artistane skal behandlast likt.
- i) Vi vil framleis ha sterkt fokus på seminar, men jobbe for å ha betre struktur på dei og evaluere kva type seminar som har vore best besøkt. Vi skal, i tillegg til seminar, satse på ulike workshops.
- j) Viktig å skape fleire møteplassar mellom musikarar og delegatar.
- k) Vi held fram med Folkelarmprisen på torsdag og kombinerer det med opninga av Folkelarm.
- l) Det skal vere honorar for dansespel. Ordinær showcasehonorar om dei spelar showcase, for spelemannslag er honorara lågare, men dei skal ha honorar.
- m) Vi legg opp til uhøgtidelege dansekurs, slik at fleire kan bli med på dansen om kvelden.
- n) Vi må behandle norske og internasjonale delegatar like godt. Vi diskuterer det med Music Norway. Vi kan legge opp til ein lunsj eller middag for alle delagatar, og kan med det auke prisen for delegatkort noko.
- o) Vi vil ha ei hovudvekt på bookarar når vi inviterer internasjonale delegatar, men skal også invitere nokre frå media. Felles for alle er at vi skal kvalitetssikre dei godt.
- p) Folkelarm er ikkje avhengig av Oslokappleiken. Om dei trekker seg ut, gir det andre moglegheiter, som t.d. showcaser med barneførestillingar på laurdag. Vi må ha ein frist på avklaring frå Oslokappleiken ganske snart.
- q) Vi evaluerer samarbeidet med Riksscenen godt, og gjer ei tydeleg forventningsavklaring før neste arrangement. Det skal skriftleggjerast.
- r) Matsservering løyser vi som i 2021.
- s) Styret ønskjer at vi skal utvikle ein grafisk profil for Folkelarm, i den stilen som vart lagt fram i møtet.

Styresak 2022/05 Årsmelding 2021

Vedtak: Framlegg til årsmelding vart vedteke.

Styresak 2022/06 Revidert rekneskap 2021

Vedtak: Styret i FolkOrg godkjenner revidert rekneskap 2021, og ønskjer å ha med dei notane som står og i tillegg ei note som handlar om overføring av mindreforbruket i 2021. Styreleiar og dagleg leiar utformar den nota.

Styresak 2022/07 Revidert budsjett 2022

Vedtak:

Framlegg til revidert budsjett 2022 blir vedteke med desse merknadene:

- Vi gjennomfører ikkje meisterkonsert i 2022.
- Vi gjennomfører IntroFolk i 2022, men ser på ei løysing der vi har ei innleiande runde og så finale på Folkelarm. Høyre om NRK vil filme det.
- Vi kutter så mykje som er forsvarleg i ekstrahjelp.
- Vi overfører resten av overskotet frå 2021 til eit jubileumsfond.
- Om meirforbruket ikkje er større enn tapet av gåveforsterkningsordninga kan styret forsvare det.
- Vi arbeider kulturpolitisk for å få ei erstatning for bortfall av gåveforsterkninga.

Styresak 2022/08 Revidert budsjett 2023

Vedtak: Framlegg til revidert budsjett er vedteke.

Styresak 2022/10 Samanslåing av Hordaland folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag

Vedtak:

Styret i FolkOrg meiner arbeidsgruppa har gjort ein sær sars grundig jobb og har ingen innvendingar mot tilrådinga frå arbeidsgruppa.

Styresak 2022/11 Deltaking på årsmøta i områdelaga

Vedtak:

- Solfrid Gjeldokk deltek på årsmøtet i Buskerud folkemusikklag 3.april kl. 11 på Prestfoss
- Linda Dyrnes deltek på årsmøtet i Hedmark folkemusikklag 26.mars kl.11 på Teams.
- Tormod Kleiveland deltek på årsmøtet i Hordaland folkemusikklag 20.mars kl.11 på Gimle i Bergen.
- Linda Dyrnes deltek på årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikklag 27.mars kl. 11 på Teams.
- Torfinn Hofstad deltek på årsmøtet i Trøndelag folkemusikklag 12.mars kl. 10.00 på Teams.
- Når vi får datoane på dei andre møta vil vi fordele dei etter kvart.

Styresak 2022/12 Evaluering AdventFolk

Vedtak: Styret tek evalueringa til vitande.

Styresak 2022/13 Fordeling av Dextra-midler til rekrutteringsprosjekt

Vedtak:

FolkOrg tildeler midlar til 16 rekrutteringsprosjekt i 2022. Desse er:

Fuglen: 40 000 kr

Arvtakerne: 50 000 kr

Bølingen: 40 000 kr

SPREK!: 50 000 kr

Folk-verksted Buskerud: 50 000 kr

Kulturverkstad:FOLK: 70 000 kr
Spelemannslaget Laust og Fast: 70 000 kr
Gorrlaus: 70 000 kr
OsterFolk: 80 000 kr
TrønderTakt: 100 000 kr
HardingFolk: 100 000 kr
Polsdans mot Bodø 2024: 100 000 kr
UngFolk Gjøvik: 70 000 kr
Folkedans for barn med minoritetsbakgrunn: 50 000 kr
Laudans og Hallingkast: 60 000 kr
Tragder: 100 000 kr

Styret oppmodar deltakarane i prosjekta til å melde seg inn i FolkOrg om dei ikkje alt er det.

Styresak 2022/14 Skeivt kulturår

Vedtak:

- a) FolkOrg gjer medlemmane våre oppmerksame på Skeivt Kulturår ved å dele relevant informasjon om Skeivt kulturår i sosiale media, og med dette oppfordre lag og arrangørar til å sette fokus på tematikken under arrangement gjennom året.
- b) FolkOrg arrangerer eit seminar på Folkelarm med relevant tematikk.
- c) FolkOrg legg opp til at det blir diskutert kjønnsroller i folkedansen under dommarseminaret i mai (ikkje som hovudtema, men at vi er innom tematikken).

Styresak 2022/15 Tidspunkt for Landskappleiken 2023 Lom

Vedtak:

Landskappleiken 2023 i Lom arrangerast i veke 25, men dei må legge tevlingsplanen slik at det ikkje går ut over c-klassingar som ikkje får sommarferie før i slutten av denne veka.

Styresak 2022/15 Eventuelt

Neste styremøte blir flytta til 21.-22.april.